



Valprogram 23 - 27

Ål Senterparti



PROGRAM FOR ÅL SENTERPARTI FOR 2023-2027

Forvaltning av fellesverdiane

Me vil at heile Ål-samfunnet skal ha nytte av kraftinntektene våre. Difor vil me bruke desse til gode kommunale tenester, redusere kommunal gjeld, framtidsretta investeringar, Enøk-tilskot, og rabattordningar til hushald og næringsliv når straumprisane er høge.

Kommunestruktur - Me vil:

Halde på Ål som sjølvstendig kommune. Interkommunalt samarbeid er ein betre måte enn kommunesamanslåing for å byggje gode lokalsamfunn

Klima, miljø og arealforvaltning – Me vil:

Framleis ta vare på dei unike naturverdiane våre i skog og fjell med jakt og beitebruk og evigvarande moglegheiter for opplevelingar, rekreasjon og berekraftig næringsutøving.

Forvalte Nordfjella slik at villreinen har gode levekår når stamma skal reetablerast.

At kommunen gjer klimavenlege val innan bygg og anlegg

Verne om utmarksbeite, og ha nullvisjon for nedbygging av dyrka jord

At eldre reguleringsplanar og hyttetomter skal vurderast på nytt i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel.

At det ikkje skal opnast for nye hyttefelt i perioden

Utvide gang- og sykkelnettet mellom bygdene



Bustadkommune - Me vil:

Sikre og utvikle likeverdige kommunale tilbod som skule, barnehage, symjebasseng og fiber i heile kommunen

Sørgje for varierte bualternativ i heile kommunen, og arbeide for at dei som ynskjer å bygge i grendene får høve til det

Realisere planlagde bustadtomter i komande periode

Auke bruken av startlån til kjøp eller tilpassing av eigen bustad, og gje kommunalt tilskot til fyrstegongsetablering

Halde oppe buplikta

Styrke arbeidet med å rekruttere og behalde folk i kommunale stillingar

Arbeide for god tilrettelegging for nye innbyggjarar både i arbeid og på fritida

Når kraftinntektene er gode, vil me halde ein låg sats på eigedomsskatten

Næringskommune - Me vil:

At kommunen bidreg til eit allsidig og berekraftig næringsliv

Arbeide for god tilrettelegging og utvikling av næringsområde som i Kleivi, Torpomoen og Torpo Næringspark

Utvikle næringsområdet på Busemoen i komande periode

At Ål framleis skal vere ein sterk og aktiv landbrukskommune

Halde fram ordninga med tilskot til nydyrkning

Styrke utmarksoppsynet

At landbrukseigedomar ikkje skal overtakast av aksjeselskap

Unngå å dispensere frå overordna planar



Helse - Me vil:

At Ål skal vere ein sterk helsekommune

Arbeide for nok sjukeheimspllassar og omsorgsbustadar som kan tilpassast ulike behov

Styrke heimetenesta

Vidareutvikle velferdsteknologi som eit brukartilpassa tilbod i sektoren

Auke grunnbemanninga i sektoren og satse på lærlingar som ein viktig ressurs for rekruttering

Ha eit tenleg behandlingsbasseng

Halde velferdstenestene under offentleg styring

Hallingdal Sjukestugu skal vere ei fyrlykt for eit avansert og desentralisert helsetilbod

Bruke Hallinghelse som ein aktiv medspelar for å utvikle helsearbeidet

Auke medvitet rundt tobakk og rusmidlar

Oppvekst, kultur og fritid - Me vil:

Halde på ein desentralisert skule- og barnehagestruktur. I møtet med mindre barnekull må fådeltpedagogikk få større rom innan kompetansehevinga for lærarane.

At Familiens Hus må ha kompetanse og økonomi til å møte utfordringane ein ser i barne-, ungdoms- og familielivet

Gå inn for at skulemat skal ha ein plass i skulekvardagen

At praktisk tilrettelegging av fag og Ungt entreprenørskap vert styrka

At kulturhuset skal vera ein møteplass i lokalsamfunnet til bruk for kulturskule, kino, ungdomsarbeid, bibliotek og større og mindre kulturopplevingar

Styrke arbeidet med folkemusikk og tradisjonsdans både lokalt og regionalt, og arbeide for å opprette stillingar innan feltet



Arbeide for å få meir desentralisering i nye Buskerud Fylke mellom anna med eit fylkessenter for kultur eller naturforvaltning lagt til Ål Halde på nynorsk som administrasjonsmål i Ål

At kommunen skal vere ein aktiv og betydeleg samarbeidspartnar og bidragsytar til idrett, lag og kulturliv ved arrangement og drift

At frivilligsentralen og ungdomsfrivilligsentralen skal ha ei viktig rolle i det frivillige- og kommunale Ål

Sikre kyrkja gode driftsvilkår

Barn og unge - Me vil:

At det skal vera nært samarbeid mellom kommunen og dei som driv frivillig arbeid for å sikre eit allsidig tilbod. Tilboden må vera for alle uavhengig av økonomi.

Styrke BUA slik at ordninga kan møte etterspurnaden

Samarbeide tett med politiet for å avdekke og motverke rusproblematikk. Det førebyggjande arbeidet mot narkotika må styrkast.

Styrke helsetilboden for ungdom og unge vaksne. Denne gruppa må ha eit velfungerande helsetilbod med fleksible opningstider.

Bruke ungdomsrådet som ein aktiv samarbeidspart